

## Møteprotokoll for Kommunestyret

**Møtedato:** 21.09.2017  
**Møtestad:** Nordhordlandshallen, kantina  
**Møtetid:** 12.00 - 17.00

Orienteringar:

- "Tilskudd til bredbåndsutbygging- tilleggsutbetaling" v/Ole Jakob Aarland-prosjektleder
- Informasjon om konkursen i Reno Norden frå NGIR v/Bjørn Berg-dagleg leiar og Erlend Kleiveland-økonomisjef

Merknader:

B. Vatnøy-Frp gjekk under handsaming av sak 084/17.

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Nina Bognøy	AP	Varaordfører
Stina Cook-Mongstad	AP	Medlem
Dag Hugaas	AP	Medlem
Ståle Juvik Hauge	AP	Medlem
Hogne Brunborg	AP	Medlem
Leidulv Brunborg	AP	Medlem
Bjarte Vatnøy	FRP	Medlem
Nina Stabell Øvreås	FRP	Medlem
Andreas Dyrngen	FRP	Medlem
Gro Anita Høgquist	FRP	Medlem
Øystein Reidar Moldeklev	FRP	Medlem
Ingrid J.Fjeldsbø	H	Medlem
Olav Magnus Steinsland	H	Medlem
Astrid Aarhus Byrknes	KRF	Ordfører
Odd Leif Mjøs	KRF	Medlem
Bent Risøy	KRF	Medlem
Vetlemøy Wergeland	KRF	Medlem
Sæbjørg Hageberg Kjeka	KRF	Medlem
Malin Helene Knudsen	KRF	Medlem
Anne Karin Angelskår Eknes	KRF	Medlem
Anna K.Valle	SP	Medlem
Jarle Vassdal	SP	Medlem
Jørgen Herland	SP	Medlem
Sveinung Toft	V	Medlem

Peder Jøsendal	SV	Medlem
----------------	----	--------

Forfall meldt frå medlem:	Parti	Rolle
May Eva Sandvik	H	Medlem
Karl Vågstøl	H	Medlem
Asle Hetlebakke	KRF	Medlem
Leif Hosøy Sleire	KRF	Medlem
Ingeborg Myksvoll	SP	Medlem
Anita Bakken	MDG	Medlem

Frammøtte varamedlemmer:	Parti	Erstatter medlem
Thomas Larsen	H	May Eva Sandvik
Anne Julie Hetland	H	Karl Vågstøl
Olav Myhr	KRF	Leif Hosøy Sleire
Else Iren Westervik	KRF	Asle Hetlebakke
Håkon Reigstad	SP	Ingeborg Myksvoll
Trude Hosøy Andersen	MDG	Anita Bakken

#### Følgjande frå administrasjonen møtte:

Arne Eikefet--prosjektleiar, Stab samfunnsutvikling, Eirik Schütz, kommuneadvokat, Hogne Haugsdal-assisterande rådmann, Line T. Waage-rådgjevar Plan, Line Valle-prosjektleiar Drift eigedom, Ole Jakob Aarland-rådgjevar, Utviklingsavdeling, Ørjan Raknes Forthun-rådmann, Øyvind Stang-einingsleiar for kultur, Nora Gjerde-sekretær.

## Sakliste

Saknr	Tittel
074/17	Godkjenning av innkalling og sakliste
075/17	Godkjenning av møteprotokoll
076/17	Melding frå kontrollutvalet
077/17	Kommuneplanen sin samfunnsdel 2017 - 2029
078/17	Godkjenning av utbyggingsavtale for Storemyra/Mongstad
079/17	2. gangs handsaming av endring av områdeplan for Lonelva-Juvikvarden - planID 1263-200904
080/17	Rullering av handlingsplan for Kommunedelplan for idrett, aktivitet og friluftsliv 2016 - 2024
081/17	Klage på kommunestyret sitt avslag på søknad om fritak for eigedomsskatt - gnr185 bnr 62, 86, 100, 245 og 249 Isdal
082/17	Mandat og reglement for fellesnemnda Alver kommune
083/17	Møteplan 2018

084/17 Kjøp av gbnr 188/737 Gjervik ytre  
085/17 Melding / orientering til Kommunestyret - 21.09.2017

### **074/17: Godkjenning av innkalling og saksliste**

Innkalling og saksliste vert godkjent

### **21.09.2017 KOMMUNESTYRET**

Endring i saksliste: Etter sak 076/17 vart det gjeve ei orientering om breiband og etter sak 077/17 vart det gjeve ei orientering frå NGIR.

Ellers ingen merknader.  
Samrøystes

### **KO - 074/17 VEDTAK:**

Innkalling og saksliste er godkjent godkjent

---

### **075/17: Godkjenning av møteprotokoll**

Møteprotokollen vert godkjent

### **21.09.2017 KOMMUNESTYRET**

Møteprotokoll frå møte - 21.06.2017 og 22.06.2017 vert godkjent, samrøystes.

### **KO - 075/17 VEDTAK:**

Møteprotokoll frå møte - 21.06.2017 og 22.06.2017 er godkjent.

---

### **076/17: Melding frå kontrollutvalet**

## **Kontrollutvalet sitt framlegg til vedtak**

Meldinga vert teke til orientering.

### **21.09.2017 KOMMUNESTYRET**

Ingen merknader, samrøystes.

#### **KO - 076/17 VEDTAK:**

Meldinga vert teke til orientering.

---

### **077/17: Kommuneplanen sin samfunnsdel 2017 - 2029**

## **Rådmannen sitt framlegg til vedtak**

Kommunestyret vedtar kommuneplanen sin samfunnsdel 2017 – 2029 med dei endringane som kjem fram i saka.

### **31.08.2017 FORMANNSKAPET**

Det ligg feil versjon av samfunnsplanen som vedlegg. Rett versjon vert lagt ved til handsaming i kommunestyret.

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

#### **FO - 075/17 INNSTILLING:**

Kommunestyret vedtar kommuneplanen sin samfunnsdel 2017 – 2029 med dei endringane som kjem fram i saka.

### **21.09.2017 KOMMUNESTYRET**

Orientering til saka v/Hogne Haugsdal-ass.rådmann

**Endring til rådmannen sitt framlegg v/B. Vatnøy-Frp:**

*Gjelder heile samfunnsplanen:*

*Overskriften : "Føringer for kommuneplanen sin arealdel" blir endra til :*

*"Mulige føringer for kommuneplanen sin arealdel"*

Framlegget fekk 10 røyster og fall (H, Frp og H. Reigstad-Sp)

**Endring til rådmannen sitt framlegg H, Frp:**

*Under Føringer for kommuneplanen sin arealdel:*

*Fjerne på alle punkter der det ordlyd:*

*"Leggje inn føringer for arkitektoniske kvalitetar og uttrykk i nye utbyggingsområder og på nye bygg"*

Framlegget fekk 9 røyster og fall (H, Frp)

**Det vart røysta over følgjande 3 framlegg under punkt 31:**

Rådmannen sitt framlegg fekk 2 røyster og fall (Sæbjørg Kjeka-Krf og Else Iren Westervik-Krf)

**Framlegg frå B. Vatnøy-Frp:**

Strategi 31:

*Leggje til rette for spreidd busetnad og mindre byggefelt i heile kommunen.*

Framlegget vart vedteke med 18 røyster (H, Sp, Frp, Sveinung Toft-V, Odd-Leiv Mjøs-Krf, Astrid Aa. Byrknes-Krf, O. Myhr-Krf, V. Wergeland-Krf)

**Framlegg frå S. Hauge-Ap:**

*STRATEGI 31: Leggje til rette for LNF spredt og utvikling av spreidd busetnad i eller nær eksisterande buområde og mindre bustadfelt i bygdene.*

Framlegget fekk 13 røyster og fall (Ap, Peder Jøsendal-Sv, Trude H. Andersen-Mdg, Anne Karin Angelskår-Krf, M. Knudsen-Krf, B. Risøy-Krf, Else Iren Westervik-Krf, Sæbjørg H. Kjeka-Krf)

**Framlegg frå S. Hauge-Ap og T. Larsen-H:**

*Endre føringer for kommuneplanen sin arealdel:*

*"Vurdering av LNF spredt" endres til:*

*"Leggje til rette for LNF spredt"*

Framlegget vart samrøyses vedteke.

### **Framlegg frå Anna Valle-Sp:**

*STRATEGI 46: Ta vare på kulturminne, lokalt særpreg, språk og identitet*

*Oppfølging :*

*Kulturminneplan*

*Framlegg til endring :*

*Ta vare på kulturminne og lokalt særpreg, og arbeida for å styrkja og vidareutvikla språk og identitet.*

*Oppfølging :*

*Kulturminneplan*

*Kommunedelplanar / Fagplanar*

Framlegget vart samrøystes vedteke.

### **Framlegg frå Hogne Brunborg-Ap:**

Startegi 36:

*I kolonna for "Føringar for kommuneplanen sin arealdel"*

*Sikra areal for å kunna etablera korridorar til natur og friområde.*

Framlegget vart vedteke mot 7 røyster (Høgre + Nina S Øvreås-Frp, Bjarte Vatnøy-Frp, Øystein Moldeklev-Frp)

Rådmannen sitt framlegg med endringar vart samrøystes vedteke.

### **KO - 077/17 VEDTAK:**

Kommunestyret vedtar kommuneplanen sin samfunnsdel 2017 – 2029 med dei endringane som kjem fram i saka og i møte.

---

### **078/17: Godkjenning av utbyggingsavtale for Storemyra/Mongstad**

#### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak**

Kommunestyret godkjenner framlegg til utbyggingsavtale innanfor kommunedelplan for Lindåsneset samt reguleringsplanane Storemyra, Storhamn Mongstad og Statoil Industriområde.

.....

### **31.08.2017 FORMANNSKAPET**

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

#### **FO - 074/17 INSTILLING:**

Kommunestyret godkjenner framlegg til utbyggingsavtale innanfor kommunedelplan for Lindåsneset samt reguleringsplanane Storemyra, Storhamn Mongstad og Statoil Industriområde.

### **21.09.2017 KOMMUNESTYRET**

Jørgen Herland-Sp reiste spørsmål kring eigen gildskap grunna særeigne interesser. Kommunestyret kjende han ugild mot 2 røyster (S. Hauge-Ap og L. Brunborg-Ap) og representanten gjekk ifrå under handsaming av saka.

Orientering til saka v/Espen Viddal frå firma WSP Norge AS

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

#### **KO - 078/17 VEDTAK:**

Kommunestyret godkjenner framlegg til utbyggingsavtale innanfor kommunedelplan for Lindåsneset samt reguleringsplanane Storemyra, Storhamn Mongstad og Statoil Industriområde.

---

### **079/17: 2. gangs handsaming av endring av områdeplan for Lonelva-Juvikvarden - planID 1263-200904**

#### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak**

Plan- og miljøutvalet vedtek følgjande innstilling til Kommunestyret:

I medhald av plan- og bygningslova § 12-12, vedtek kommunestyret endring av områdeplan for Lonelva-Juvikvarden, del av gnr. 185 og 188, med plan-ID 1263-200904.

---

### **19.09.2017 PLAN- OG MILJØUTVALET**

Orientering til saka v/Line Valle-prosjektleiar Drift eigedom

#### **Fellesframlegg, tillegg til rådmannen sitt framlegg:**

*Avsnitt 6 fjernes i punkt 3. 5.3 i føresegna.*

Rådmannen sitt framlegg med tillegg vart vedteke med 8 røyster, mot 1 røyst (Ståle Hauge-Ap)

### **PM - 092/17 INNSTILLING:**

#### **Innstilling frå Plan- og miljøutvalet - 19.09.2017:**

I medhald av plan- og bygningslova § 12-12, vedtek kommunestyret endring av områdeplan for Lonelva-Juvikvarden, del av gnr. 185 og 188, med plan-ID 1263-200904 med følgjande endring:

Avsnitt 6 fjernes i punkt 3. 5.3 i føresegna.

### **21.09.2017 KOMMUNESTYRET**

Orientering til saka v/Line Valle-prosjektleiar Drift eigedom

Innstillinga frå Plan- og miljøutvalet vart vedteke mot 1 røyst (Ø.Moldeklev-Frp)

### **KO - 079/17 VEDTAK:**

I medhald av plan- og bygningslova § 12-12, vedtek kommunestyret endring av områdeplan for Lonelva-Juvikvarden, del av gnr. 185 og 188, med plan-ID 1263-200904 med følgjande endring:

Avsnitt 6 fjernes i punkt 3. 5.3 i føresegna.

---

## **080/17: Rullering av handlingsplan for Kommunedelplan for idrett, aktivitet og friluftsliv 2016 - 2024**

### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak**

Kommunestyret vedtek følgjande justeringar i Kommunedelplan for idrett, aktivitet og friluftsliv 2016-2024, handlingsplan

- Grusa turløype med lys på Lindås vert flytta over på langtidsprogrammet.
- Rehabilitering kunstgras og friidrettsanlegg Nordhordlandshallen vert tatt inn som nr. 2 i handlingsprogrammet.
- Det vert sett av 1 000 000 til Osterhallen i 2018, og totalramma for hallen vert auka til kr. 50 000 000. For 2019 vert summen justert til kr. 19 000 000 og det vert lagt inn kr. 30 000 000 i 2020.
- Totalramma for hallen i Alversund og ny hall i Knarvik, vert justert til kr. 67 500 000.- for kvar av dei.

### **29.08.2017 LEVEKÅRSUTVALET**



Orientering til saka v/Øyvind Stang-Einingsleiar kultur

**Framlegg frå A. Hetlebakke-Krf:**  
*Endring til rådmannen sitt framlegg:*

*Endring i kulepunkt 3. Det vert sett av 500 000 til Osterhallen i 2018.*

Framlegget vart samrøystes vedteke.

**LE - 042/17 UTTALE:**

**Uttale i Levekårsutvalet - 29.08.2017:**

Kommunestyret vedtek følgjande justeringar i Kommunedelplan for idrett, aktivitet og friluftsliv 2016-2024, handlingsplan

- Grusa turløype med lys på Lindås vert flytta over på langtidsprogrammet.
- Rehabilitering kunstgras og friidrettsanlegg Nordhordlandshallen vert tatt inn som nr. 2 i handlingsprogrammet.
- Det vert sett av 500 000 til Osterhallen i 2018, og totalramma for hallen vert auka til kr. 50 000 000. For 2019 vert summen justert til kr. 19 000 000 og det vert lagt inn kr. 30 000 000 i 2020.
- Totalramma for hallen i Alversund og ny hall i Knarvik, vert justert til kr. 67 500 000.- for kvar av dei.

**31.08.2017 FORMANNSKAPET**

Framlegg som uttalen frå levekårsutvalet med endring (justert sum 2019 skal vera 19 500 000):  
Kommunestyret vedtek følgjande justeringar i Kommunedelplan for idrett, aktivitet og friluftsliv 2016-2024, handlingsplan

- Grusa turløype med lys på Lindås vert flytta over på langtidsprogrammet.
- Rehabilitering kunstgras og friidrettsanlegg Nordhordlandshallen vert tatt inn som nr. 2 i handlingsprogrammet.
- Det vert sett av 500 000 til Osterhallen i 2018, og totalramma for hallen vert auka til kr. 50 000 000. For 2019 vert summen justert til kr. 19 500 000 og det vert lagt inn kr. 30 000 000 i 2020.
- Totalramma for hallen i Alversund og ny hall i Knarvik, vert justert til kr. 67 500 000.- for kvar av dei.

Framlegget vart vedteke med 10 røyster.

**Framlegg frå K.Vågstøl-H:**

Kommunestyret vedtek følgjande justeringar i kommunedelplan for idrett, aktoivitet og friluftsliv 2016 - 2024, handlingsplan:

1. Fleirbrukshall Knarvik barneskule, totalramme kr. 67,5 mill.
2. Rehabilitering kunstgras og friidrettsanlegg Nordhordlandshallen, kr. 5 mill.
3. Fleirbrukshall Alversund barneskule, totalramme 67,5 mill.
4. Symje/badeanlegg Knarvik, kr. 130 mill.
5. Grusa turløype Ostereidet, kr. 6 mill.

Framlegg fekk 1 røyst (K.Vågstøl-H) og fall.

**FO - 076/17 INNSTILLING:**

Kommunestyret vedtek følgjande justeringar i Kommunedelplan for idrett, aktivitet og friluftsliv 2016-2024, handlingsplan

- Grusa turløype med lys på Lindås vert flytta over på langtidsprogrammet.
- Rehabilitering kunstgras og friidrettsanlegg Nordhordlandshallen vert tatt inn som nr. 2 i handlingsprogrammet.
- Det vert sett av 500 000 til Osterhallen i 2018, og totalramma for hallen vert auka til kr. 50 000 000. For 2019 vert summen justert til kr. 19 500 000 og det vert lagt inn kr. 30 000 000 i 2020.
- Totalramma for hallen i Alversund og ny hall i Knarvik, vert justert til kr. 67 500 000.- for kvar av dei.

## **21.09.2017 KOMMUNESTYRET**

### **Framlegg frå Ingrid Fjeldsbø-H:**

*Kommunestyret vedtek følgjande justeringar i kommunedelplan for idrett, aktivitet og friluftsliv 2016 - 2024, handlingsplan:*

1. Fleirbrukshall Knarvik barneskule, totalramme kr. 67,5 mill.
2. Rehabilitering kunstgras og friidrettsanlegg Nordhordlandshallen, kr. 5 mill.
3. Fleirbrukshall Alversund barneskule, totalramme 67,5 mill.
4. Symje/badeanlegg Knarvik, kr. 130 mill.
5. Grusa turløype Ostereidet, kr. 6 mill.

Framlegget fekk 4 røyster og fall (Høgre)

Innstillinga frå Formannskapet vart vedteke med 27 røyster, mot 4 røyster (H)

### **KO - 080/17 VEDTAK:**

Kommunestyret vedtek følgjande justeringar i Kommunedelplan for idrett, aktivitet og friluftsliv 2016-2024, handlingsplan

- Grusa turløype med lys på Lindås vert flytta over på langtidsprogrammet.
- Rehabilitering kunstgras og friidrettsanlegg Nordhordlandshallen vert tatt inn som nr. 2 i handlingsprogrammet.
- Det vert sett av 500 000 til Osterhallen i 2018, og totalramma for hallen vert auka til kr. 50 000 000. For 2019 vert summen justert til kr. 19 500 000 og det vert lagt inn kr. 30 000 000 i 2020.
- Totalramma for hallen i Alversund og ny hall i Knarvik, vert justert til kr. 67 500 000.- for kvar av dei.

---

**081/17: Klage på kommunestyret sitt avslag på søknad om fritak for eigedomsskatt - gnr185 bnr 62, 86, 100, 245 og 249 Isdal**

### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak**

HFK Bussanlegg AS sin klage av 8. april 2017 over Lindås kommunestyre sitt vedtak av 9. mars 2017 i sak 017/17 vert ikkje teke til følgje. Klagen oversendes Klagenemnda for eigedomsskatt i Lindås

kommune til klagehandsaming, jf. forvaltningsloven paragraf 33.

#### **21.09.2017 KOMMUNESTYRET**

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

#### **KO - 081/17 VEDTAK:**

HFK Bussanlegg AS sin klage av 8. april 2017 over Lindås kommunestyre sitt vedtak av 9. mars 2017 i sak 017/17 vert ikkje teke til følgje. Klagen oversendes Klagenemnda for eigedomsskatt i Lindås kommune til klagehandsaming, jf. forvaltningsloven paragraf 33.

---

#### **082/17: Mandat og reglement for fellesnemnda Alver kommune**

##### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Lindås kommune godkjenner fellesnemnda for Alver kommune sitt framlegg til mandat og reglement for fellesnemnda.

.....

#### **21.09.2017 KOMMUNESTYRET**

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

#### **KO - 082/17 VEDTAK:**

Lindås kommune godkjenner fellesnemnda for Alver kommune sitt framlegg til mandat og reglement for fellesnemnda.

---

#### **083/17: Møteplan 2018**

##### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak**

Møteplan for 2018 vert vedteke slik den ligg føre.

## **21.09.2017 KOMMUNESTYRET**

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

### **KO - 083/17 VEDTAK:**

Møteplan for 2018 vert vedteke slik den ligg føre.

---

### **084/17: Kjøp av gbnr 188/737 Gjervik ytre**

#### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

- Lindås kommune kjøper gbnr 188/737 for kr 8.550.000
- Kjøpet blir finansiert gjennom auka låneopptak. Låneopptaket skal ha same vilkår som låna i vedtatt økonomiplan 2017 – 2020.

---

## **21.09.2017 FORMANNSKAPET**

Rådmannen sitt framlegg vart vedteke mot ei røyst (I.Fjeldsbø-H).

### **FO - 081/17 INNSTILLING:**

- Lindås kommune kjøper gbnr 188/737 for kr 8.550.000
- Kjøpet blir finansiert gjennom auka låneopptak. Låneopptaket skal ha same vilkår som låna i vedtatt økonomiplan 2017 – 2020.

---

## **21.09.2017 KOMMUNESTYRET**

Orientering til saka v/H. Haugsdal ass.rådmann

Innstillinga frå formannskapet vart vedteke mot 6 røyster (Høgre + A. Høgquist-Frp, A. Dyngen-Frp)

**KO - 084/17 VEDTAK:**

- Lindås kommune kjøper gbnr 188/737 for kr 8.550.000
  - Kjøpet blir finansiert gjennom auka låneopptak. Låneopptaket skal ha same vilkår som låna i vedtatt økonomiplan 2017 – 2020.
- 

**085/17: Melding / orientering til Kommunestyret - 21.09.2017**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak**

Meldinga vert teke til orientering.

**21.09.2017 KOMMUNESTYRET**

Meldinga vert teke til orientering, samrøystes.

**KO - 085/17 VEDTAK:**

Meldinga er teke til orientering.

---